


Vår saksbehandlar:
Njål Gunnar SlettebøDirekte telefonnr.:
53 42 31 32Vår dato:
02.05.2006
Dykkar dato:Vår referanse:
2006/580-8049/2006-417.0
Dykkar referanse:Landbruks- og matdepartementet v/ Marit Bergliot Braathen
Postboks 8007 dep.
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006/143	Boknr.: 63
Mottatt: 05 MAI 2006 MP/SDO	
Saksbær: MBB	Arkiv: 713
Kopi:	Svarnr.:

**HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15. JUNI 2001 NR 75 OM
VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL**

Bømlo Formannskap handsama høyringsframlegget til endring av lov 15.juni 2001 nr. 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell i møte 25.4.06.
Me oversender med dette særutskrift av vedtaket og saksutgreiinga.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE
Njål Gunnar Slettebø
Landbrukssjef

Særutskrift frå Bømlo Formannskap 25.april 2006

HØYRING AV FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR.75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommune er positive til grunntanken bak dei endringsframlegg som lovutkastet omtalar.
2. Det må vera eit absolutt krav at nye pålegg som vert gjevne kommunane vert fullfinansierte.
3. Det bør også klarare koma fram kva minimumskravet til veterinærteneste skal vera og korleis denne vert finansiert.
4. Om Bømlo kommune skal søkje interkommunalt samarbeid for å løyse denne oppgåva må vera basert på korleis ordninga vert og at andre kommunar også er interessert i eit slik samarbeid. Eit interkommunalt samarbeid om vaktordning vil nok vera naudsynt.

Saksprotokoll i Formannskapet - 25.04.2006

Vedtak:

Formannskapet gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Rett utskrift:


Njal G. Slettebø



Dato: 31.03.2006
Arkivref: 2006/580-
6303/2006 /
417 0

Saksbehandlar: Njal Gunnar Slettebø
53 42 31 32
njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
06/48	Formannskapet	25.4.06

HØYRING AV FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR.75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL.**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Bømlo kommune er positive til grunntanken bak dei endringsframlegg som lovutkastet omtalar.
2. Det må vera eit absolutt krav at nye pålegg som vert gjevne kommunane vert fullfinansierte.
3. Det bør også klarare koma fram kva minimumskravet til veterinærtjeneste skal vera og korleis denne vert finansiert.
4. Om Bømlo kommune skal søkje interkommunalt samarbeid for å løyse denne oppgåva må vera basert på korleis ordninga vert og at andre kommunar også er interessert i eit slik samarbeid. Eit interkommunalt samarbeid om vaktordning vil nok vera naudsynt.

Dokument i saka:

Høyringsdokument frå Landbruks- og matdepartementet datert 15.02.06

Brev frå den norske Veterinærforening datert 7.03.06

Tiltak for å styrke klinisk veterinærtjeneste i næringssvake strøk, innstilling frå utval oppnemnt av Landbruksdepartementet avgitt 10.09.2004

Bakgrunn for saka:

Frå høyringsnotatet om endring av lov av 15.juni 2001 nr.75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell tek me med:

” Svekket økonomisk grunnlag for klinisk veterinærtjeneste gjør det mindre attraktivt for veterinærer å etablere seg i distrikter. Dette kan føre til mindre fokus på forebyggende helsearbeid og dårligere beredskap mot alvorlige smittsomme dyresjukdommer. Manglende tilgang på klinisk veterinærtjenester kan i neste omgang gi svekket grunnlag for husdyrhold.

For å møte disse utfordringane satte Landbruksdepartementet i mars 2004 ned et utvalg som blant annet skulle vurdere hvordan en for veterinært personell kan bidra med offentlige virkemidler, slik at tilfredstillende veterinærdekning kan opprettholdes i aktuelle områder.

I konklusjonen og tilrådingen fra **utvalget** ble det bl.a. uttrykt følgende:

Utvalget mener at de utfordringar en står overfor med hensyn til å få en tilfredsstillende veterinærdekning i alle deler av landet best kan løses ved at tilgang på kliniske veterinærtjenester gjøres til et kommunalt ansvar. Utvalet tilrår derfor at kommunene gis ansvar for at det finnes en tilfredsstillende veterinærdekning. Utvalget mener det i den sammenheng vil være nødvendig at også det statlige ansvaret for den kliniske veterinærvakten legges til kommunal sektor.

Landbruksdepartementet har vurdert innstillinga frå dette utvalet og dei ynskjer no at hovudkonklusjonane skal gjennomførast. I høyringsnotatet vert det gjort framlegg om følgjande:

”Endringforslaget innebærer at ansvar for nødvendige tiltak for tilgjengelighet av tjenester fra dyrehelsepersonell (i dag i praksis kliniske veterinærtjenster) legges til kommunal sektor og omfatter hele landet. Kommuner i de områder der det markedsmessige grunnlaget for veterinær virksomhet ikkje er tilstrekkelig, må etablere ordningar som sikrer tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell. Samtidig overføres ansvaret for klinisk veterinær vakt til kommunal sektor.

Forslaget som innebærer en forvaltningsmessig reform, vil kreve endringar i dyrehelsepersonelloven. Både formålsparagrafen, §1 og §26 om klinisk vakt må endres.”

I strøk av landet med god dekning av dyrehelsepersonell, vil kommunens ansvar kun være relatert til tilgang på tjenester (vaktordning) i de tidsrom som ikkje anses som ordinær arbeidstid for de aktuelle næringsutøverne.

Behovet for at kommunen må bidra for å sikre tilgang til dyrehelsetjenester på dagtid vil være aktuelt i de mindre befolkede områdene av landet med lite dyrehold. Selv om det i kommunen ikkje er grunnlag for en full privat dyrehelsepraksis, vil det være behov for disse tjenestene for kommunens innbyggere. Etter lovforslaget vil det da være et ansvar som er lagt på kommunen å finne fram til ordningar slik at det er mulig å sikre tilfredsstillende tilgang på dyrehelsetjenester.

Lovforslaget gir rom for ulike tilnæringsmåter for kommunene. Det kan være aktuelt med interkommunalt samarbeid mellom to eller flere kommuner hvis forholdene ligger til rette for en slik ordning. Lovforslaget gir ikkje noe pålegg om at den enkelte kommune skal sørge for en tilfredsstillende dyrehelsetjeneste på egenhånd.

Den enkelte kommune kan imidlertid også se seg best tjent med et eget opplegg ved for eksempel å opprette en kommunal stilling for å dekke behov for dyrehelsetjenester. Andre stimulerings tiltak for å trekke til seg privatpraktiserende dyrehelsepersonell kan også tenkes. Engangstilskudd eller driftsstøtte til dyrehelsepersonell kan også tenkes. Etableringstilskudd eller driftsstøtte til dyrehelsepersonell kan også være aktuelt. Andre ordningar i form av for eksempel rimelige lokaler, tomter, jobbtilbud til andre medlemmer i husstanden og andre økonomiske virkemidler kan også være aktuelt å ta i bruk for å ha tilfredsstillende tilgang på dyrehelsetjenester. Lokale forhold vil avgjøre hva som vil være nødvendig og best for den enkelte kommune, Helt andre virkemidler enn de eksemplene som er nevnt her, kan selvsagt brukes. Det må være opp til den enkelte kommune hvordan de oppfyller sitt ansvar for å sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell. Kommunene kan også ha ulike behov for den kompetansen dyrehelsepersonellet besitter til andre oppgaver.”

Økonomi: I høyringsbrevet står det at regjerringen har ein ambisjon om at alle nye oppgåver som vert pålagt kommunal sektor skal vere fullfinansiert. Departementet reknar med at det vil verte trong

for ei viss økonomisk styrking utover dei midlane som kommunane i dag nyttar til veterinærtenester på frivillig basis. Dette vil departementet omtale i kommuneøkonomiproposisjonen som vert lagt fram våren 2006. I statsbudsjettet for 2006 er det sett av 80 mill. kr. til vaktordninga for veterinærane. Departementet meiner at det vil vere naudsynt med ein moderat auke i dette for å få ei ordning for klinisk veterinærkvart som er tilfredsstillande og forsvarleg.

Høyringsfrist er 15.mai 2006.

Den norske Veterinærforening har sendt brev til alle kommunar vedk. framlegget til endring av dyrehelsepersonellova:

” Den norske Veterinærforening er skeptisk til det som presenterast i høyringsnotatet fordi:

”**Det foreslås at kommunene selv skal definere hva som er tilfredsstillende veterinærdekning og vaktordning.** Staten unnlater med dette å stille krav om et enhetlig veterinærtilbud i alle deler av landet.

Forslaget gir ingen garanti for at staten dekker kommunenes utgifter

Slik forslaget fremmes gis det ingen garanti for at overføringene fra staten vil dekke det kommunene anser som et tilfredsstillende veterinærtilbud i fremtiden. Enkelte kommuner har selv bidratt til å sikre veterinærbetjening ved å opprette kommuneveterinærstillinger eller gi driftsstøtte til veterinærer i klinisk praksis. Det finnes imidlertid ingen oversikt over hvilke kommuner som i dag yter støtte til veterinærdekning og hvor mye som ytes på landsbasis.

I høyringsnotatet gis det svært vage eller ingen kriterier for hva som skal legges til grunn for at kommunene skal få overført statlige midler. Før dette foreligger kan det virke umulig for den enkelte kommune å vurdere om det vil følge tilstrekkelig midler med ansvarsoverføringen. Det virker derfor som et paradoks at det i høyringsnotatet foreslås at kommunene selv skal definere hva som er tilfredsstillende veterinærtilbud mens det er staten som til sist setter kriteriene og rammer for økonomisk overføring til kommunene. ”

Vurderingar:

Utvalet som kom med framlegg om at kommunane burde overta ansvaret for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og ansvar for klinisk veterinærkvart hadde ei brei samansetning med representantar frå KS, Landbruksdepartement, Veterinærforeninga, Mattilsynet og bøndene.

Framlegget er difor etter vår vurdering grundig gjennomtenkt og ei løysing som vil vere viktig for å sikre tilgang på veterinærar i alle deler av landet.

For alle som har husdyr er tilgang på veterinærhjelp både dag og natt heile året i gjennom heilt avgjerande for å kunne driva. I område av landet der det er mykje husdyr er det grunnlag for private veterinærar, medan ute i distriktet der det er langt mellom gardsbruka er det meir kostbart å halda eit tilfredsstillande veterinærteneste. Utviklinga i jordbruket går mot stadig færre husdyrbruk og difor vert innteninga for den einskilde veterinær mindre. Difor meiner me at framlegget frå Landbruksdepartementet vil vere eit viktig tiltak for mange husdyrhaldet i mange utkantkommunar med svakt husdyrhald. Kommunane vil no få ansvar for at det er tilgang på forsvarleg veterinærtenester, og dei vil få ansvar for at vaktordningane fungere på kvelds- og nattetid.

For å ta dette ansvaret så bør staten betale kommunane fullt ut. Mange kommunar slik som Bømlo har allereie teke dette ansvaret ved at ein har tilsett kommuneveterinær i 1 ½ stilling. No vil alle kommunane få eit ansvar, og alle kommunane må gå ilag om ei vaktordning for veterinærane på kveldstid og i helgene.

Fråsegn frå eldrerådet: Saka er etter samråd med sekretæren ikkje lagt fram for eldrerådet.

Økonomiske konsekvensar: Det står i høyringsframlegget at regjerringen har ambisjonar om at alle nye oppgåver som vert lagt på kommunal sektor skal finansierast fult ut av staten. Dette er tonar me har høyrte før, og me er redde for at det vert med ambisjonane. I dag betaler Bømlo kommune kr. 334 000,- for veterinærordninga. Arbeidet som veterinærane har for overformynderiet er med i denne kostnaden.

Oppsummering og konklusjon:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring framlegg til endring av dyrehelsepersonellova. Formålet med lovendringa er at ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt i alle deler av landet skal overførast frå staten til kommunane. . Kommunane vil no få ansvar for at det er tilgang på forsvarleg veterinærtenester, og dei vil få ansvar for at vaktordningane fungerer på kvelds- og nattetid.

Bømlo har allereie teke dette ansvaret ved at ein har tilsett kommuneveterinær i 1 ½ stilling. No vil alle kommunane få eit ansvar, og alle kommunane må gå ilag om ei vaktordning for veterinærane på kveldstid og i helgene. Me meiner at det er viktig at kommunane som kjenner best dei lokale tilhøva for husdyrhaldarane no får ansvar for veterinærdekninga og for veterinærvaktene. For å ta på seg dette ansvaret må staten dekke kommunane sine utgifter fullt ut. Om Bømlo kommune skal halda fram med den ordninga me har i dag eller om me skal søkje interkommunalt samarbeid får me ta stilling til når det endelege lovutkastet ligg føre, og me ser kva haldning dei andre kommunane i distriktet vårt har.